



Hovedstyret
Ål Idrettslag

Årsmøte Ål IL 13.05.2020

Tilstades: Håvard Gjeldokk, Eva Veslegard og Anette Saue, Handballgr., Nils Egil Vedvik, Vigdis Vedvik Gåsterud, Fotballgr., Tor Veslegard, Alpingr., Liv Magnhild Brattabø, Svømmegr., Per Kvelprud, Langrennsgr., Jørund Li, Taekwondo, Lars S. Tveito, Orienteringsgr., Espen Karlsen, Rekkertgr., Jens Petter Brandlie, Ola Opheim, Tore Dokken og Trond Kleppen, alle AU.

Saksliste:

Sak 1. Godkjenning av røysteføre.

VEDTAK: *Alle frammøtte vart godkjent røysteføre.*

Sak 2. Godkjenning av innkalling og saksliste

VEDTAK: *Innkalling og saksliste vart godkjent.*

Sak 3. Val av møteiar, skriar og to medlemmer for signering av protokoll

VEDTAK: *Val: Møteiar og skriar Trond Kleppen.
Tor Veslegard og Nils Egil Vedvik signere protokollen.*

Sak 4. Årsmelding 2019 frå hovudlaget

VEDTAK: *Årsmeldinga vart godkjent.*

Sak 5. Rekneskap og revisjonsrapport for hovudlaget og gruppene

VEDTAK: *Samanstilt rekneskap for hovudlaget og gruppene vart godkjent.
Revisjonsmeldinga vart tatt til orientering.
Revisjonsmeldinga sine merknadar blir å ivareta gjennom omorganiseringsprosjektet.*

Sak 6. Innkomne saker:

VEDTAK: 1. *Ål IL vil etablere eit organisasjonsprosjekt med det mål å tilsette ein dagleg leiar i ei 3-årig prosjektstilling 70-100 % i samarbeid med Liatoppen Skisenter og Fotballgruppa og inngå avtale om samla rekneskapsføring for heile Ål IL hausten 2020.
Årsmøtet godkjente òg prosjektorganiseringa.*

2. *Årsmøtet godkjente opptak av Ål Rekkertklubb som ny gruppe i Ål IL.*

3. ÅL IL vedtek prosjektgruppa sin innstilling til ny sponsormodell.

Prosjektgruppa skal:

- Vidareutvikle modellen til konkrete eksponeringsflater for kvar sponsorpakke som er tilpassa dei ulike nivå.
- utarbeide forslag på organisering og gjennomføring av korleis hente inn sponsorinntekter samt oppfølging ovanfor bedriftene.
- utvikle ein felles profil for ÅL IL når det gjeld klesdrakt (speledrakter, overtrekk, jakker, genser, etc.). Med profil er meint fargar, plassering av reklame, retningslinjer for bruk og evt. andre føringar.
- forhandle fram ein klubbavtale med levering av kler og utstyr på tvers av ÅL IL sine grupper. Dette skal kunne bestillast direkte hos lokal sportsbutikk eller via nettbutikk. Denne avtala skal gi ÅL IL gode prisar.

Det vil vere dialog og statusmøter undervegs med Hovudstyret og alle gruppene slik at ein får moglegheit til å koma med innspel/justeringar før endelege opplegg spikrast.

Sak 7. Fastsette medlemskontingent for 2020.

VEDTAK: Kontingenten skal stå uendra i 2020, medlem 150 kr familie 400 kr.

Sak 8. Val v/valkomiteen.

VEDTAK:	Ny styreleiar:	Jens Petter Brandlie	(til 2021)
	styremedlem:	Ola Opheim ikkje på val	(til 2021)
		Hilde N Frantzen	(til 2022)
	møtande varam.	Guri Skjelde	(til 2022)

Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, skrivar og kasserar.

Kontrollutval:	Trond Kleppen	(til 2022)
	Tore Dokken	(til 2022)

Val-komit�:	Per Kvelperud	(til 2021)
	Orienteringsgr.	(til 2022)

Styremedl. Liatoppen:	Ola Opheim.	(til 2021)
Styremedl. Ål Aktivitetspark:	Trond Kleppen	(til 2021)

Ål den 13. mai 2020

Nils Egil Vedvik

Tor Veslegard

.....
Trond Kleppen (skrivar)

.....
Nils Egil Vedvik

.....
Tor Veslegard